



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dykkar ref

Vår ref

Dato

15/5265-113

20.07.2016

Tilskott til infrastrukturtiltak i kommunar som skal slå seg saman

Vi viser til brev 03.06.2016 med søknad om tilskott til infrastrukturtiltak i samband med kommunereform. Departementet har handsama søknaden og vedteke at kommunane Lindås, Radøy og Meland tildeles 2 mill. kroner til reguleringsarbeid for "Sambandet Vest".

Departementet kunngjorde i februar 2016 ei tilskottsordning til etablering eller forbetring av vegar, breiband og andre digitaliseringstiltak i kommunar som skal slå seg saman. Ordninga skal leggja til rette for og forsterka effekten av ein ny og meir føremålstenleg kommunestruktur. Både fylkeskommunar og kommunar kunne søkja om tilskott, gjerne i samråd med kvarandre. For å kunne ta i mot tilskott må tiltaket vere i ein eller fleire kommunar som har vedteke samanslåing innan 1. juli 2016. Tiltaket må planleggjast sett i verk innan 31.12.2018.

Kommunane har søkt om tilskott til reguleringsarbeid for "Sambandet Vest". Kommunane søkte om til saman 15 mill. kroner.

Kommunane Lindås, Radøy og Meland har gjort gjensidige vedtak om å slå seg saman.

Departementet tildeler totalt 2 mill. kroner til reguleringsarbeid for "Sambandet Vest". Søknaden vart sendt departementet først i juni 2016, og det har ikkje vore mogleg å tildela meir midlar for inneverande år. Det er i samsvar med avtala mellom regjeringspartia og Venstre på Stortinget om nytt inntektssystem for kommunane, sett av 100 mill. kroner i 2017 til infrastrukturtiltak i kommunar som slår seg saman. Det vil derfor vere høve til å søke om tilskott til infrastrukturtiltak òg i 2017. Departementet kjem tilbake med nærare informasjon om ordninga for 2017 på eit seinare tidspunkt.

Tilskottet betales til Meland kommune i september 2016.

Kommunane må innan 31.12.2018 stadfesta overfor departementet at tiltaket er sett i verk, og ev. om det er ferdig. Om tiltaket ikkje er ferdig innan 31.12.2018, må kommunane gi ein dato for når tiltaket skal vere ferdig. Når tiltaket er ferdig skal det stadfestast frå kommunerevisjonen om at midla er brukt i samsvar med føremålet og finansieringsplanen. All finansiell rapportering skal vere ekskl. meirverdiavgift. Ubrukte midlar, eller midlar som ikkje er brukt i samsvar med føremålet, kan krevjast tilbakebetalt.

Med helsing

Hans Petter F. Gravdahl (e.f.)
avdelingsdirektør

Jørgen Teslo
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur

Kopi:
Lindås kommune
Radøy kommune